

Hallo i nedslagsfeltet!

Denne gongen bloggar eg ikkje frå Bergen, men Trondheim.



*Kristiansten festning*



*Kanskje folket her er litt late?*

Har denne veka vitja systera mi som tek lærarutdanning her. Vêret har vore strålande, men ganske så kaldt (betydeleg kaldare enn i Bergen i allefall). Sidan ho bur nesten midt i sentrum har det vore vanskeleg å gjennomført nokre ordentlege kondisjonsøker – eg er heller ikkje så godt kjend her i byen. Men heldigvis ligg leilegheita hennar i 6.etasje, og det er perfekt forhold til spensttrening. Sundag hadde eg ei spenstøkt 08.00, så vonar eg ikkje vekke heile blokka.

I morgon (måndag) har laget mitt fyrste treningskamp mot Loddefjord. Diverre har eg ikkje moglegheit til å vere med, noko som er svært synd sidan det berre er ein månad til seriestart (mot Høyang på heimebane). Korleis laget fungera saman er også uvisst, sidan vi aldri har spelt meir enn sju mot sju på trening. Det er mange spelarar frå i fjor som ikkje lenger er med, nye spelarar har kome til og eit heilt nytt trenarapparat med eit tøft treningsopplegg er uvisst korleis det gir utslag.


Så neste tysdag ventar årets fyrste treningskamp for min del.

Den veka medan alle andre hadde vinterferie gjekk eg og syskenbarnet mitt på skøyte i finevêret. Fyrst leita vi gjennom heile sentrum på jakt etter skøyter, utan hell. Heldigvis var det skøyteutleige ved skøytebana. Eg har ikkje akkurat ei stor «skøytekarriere» bak meg, og det viste godt. Dei fyrste rundane var ganske ustø, og miste nesten motet av alle 6-åringane som suste forbi meg. Men det vart betre etter kvart heldigvis.





Vi fekk nesten litt påskekjensle av det fine vêret med appelsin-eting i solveggen.



I Bergen bur eg nærme flott turterreng, og ein dag tok eg meg ein fin fjelltur. Fyrst opp trappene til Stolzeleiven – vidare til rundemanen – Fløyen – og ned fløysvingane til sentrum. Ein flott tur.

Mi personlege form på ein skala frå 1-10 er i skrivande stund vurdert til: 6,2